



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:  
18/91684-2

Dykkar referanse:  
18/1028 - 18/12226

Vår dato:  
26.04.2018

### Uttale – Søknad om dispensasjon frå rekkefølgjekrav i reguleringsplan – gnr. 134 bnr. 340 – Hilland – Lindås kommune

Vi viser til Dykkar brev av 17.04.2018 med søknad om dispensasjon frå rekkjefølgjekravet i reguleringsføresegnene § 1–3 i tidlegare godkjend reguleringsplan for Vindkallen, planID 09062006 på Hilland i Lindås kommune.

Saka gjeld oppføring av tilbygg/påbygg til eksisterande bustad på gnr. 134, bnr. 340 på Hilland. Tiltaket har eit bruksareal på 53,6 m<sup>2</sup> og ei utnyttingsgrad på 35,7% BRA. Tilbygg/påbygg gjeld carport i 1. høgda og to soverom i 2. høgda.

Rekkjefølgjekravet i § 1–3 gjeld etablering av rundkøyring i krysset til Hillandsfeltet frå fylkesveg 565. Ved bygging av eksisterande bustad har Lindås kommune i 2012 gjeve dispensasjon frå det same rekkjefølgjekravet.

Statens vegvesen har vurdert søknaden og finn at tilbygg/påbygg som det no er søkt om ikkje vil føre til vesentleg trafikkauke utover situasjonen i dag og det er heller ikkje lagt opp til auke av talet på bustadeiningar på eigedomen.

Rekkjefølgjekravet er primært retta mot ny utbygging og i mindre grad mot mindre utbygging av eksisterande bustader.

Statens vegvesen vil difor kunne akseptere at det vert gjeve dispensasjon i dette tilfellet.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
senioringeniør

Odd Høydalsvik

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

**Kopi**

**Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN**